

Oppdragsgjevar: **Windafjord Port AS**
Oppdragsnr.: **52307133** Dokumentnr.: **ARP13**

Til: Vindafjord kommune
Fra: Norconsult AS
Dato 2024-12-02

Vurdering av merknader til utvida varsling til oppstartsvarsel

	Namn
Private	
	M1 Johnsen, Cecilie
	M2 Bjarne Dommersnes
	M3 Terje Framnes
	M4 Karl Larsen
	M7 Ivar Persvangen Ødegård
	M8 Kirsten Bakkevig
	M9 Sean Hafstad Grinde
	M10 Terje Gausvik
	M12 Olav Fostenes Knutsen
	M16 Ingrid Mathilde og Kåre Johan Sørvåg
Interessegrupper	
	M5 Jon Magne Svendsbø leiar Vindafjord Orienteringslag
	M6 Jon Magne Svendsbø styreleiar Bevar Ålfjordens Perle
	M17 Ålfjordens Perle
Offentleg mynde	
	M11 Statens Vegvesen
	M13 Statsforvalteren i Rogaland
	M14 Rogaland Fylkeskommune
	M15 Direktoratet for mineralforvaltning
	M18 Sveio kommune
	M19 Mattilsynet

Oppdragsgiver: Windafjord Port AS
Oppdragsnr.: 52307133 Dokumentnr. ARP13

Innholdsliste

1. Cecilie Johansen, datert 2024-8-19	3
2. Bjarne Dommersnes, datert 2024-8-19	3
3. Terje Framnes, datert 2024-8-19	4
4. Karl Larsen, datert 2024-8-19	4
5. Leiar Vindafjord orientering, Jon Magne Svendsbø, datert 2024-07-16	5
6. Ålfjordens perle, datert 2024-07-16	6
7. Ivar Persvangen Ødegård, datert 2024-08-19	6
8. Kirsten Bakkevig, I, datert 2024-08-19	7
9. Sean Hafstad Grinde, I, datert 2024-08-16	8
10. Terje og Randi Gausvik, datert 2023-12-08	8
11. Statens vegvesen, datert 2024-08-19	9
12. Olav Fostenes Knutsen, datert 2024-08-19	9
13. Statsforvaltaren i Rogaland, datert 2024-	10
14. Rogaland fylkeskommune, datert 2024-08-13	10
15. Direktoratet for mineralforvaltning, datert 2024-08-12	11
16. Ingrid Mathilde og Kåre Johan Sørvåg, datert 2024-08-18	11
17. Olav Fostenes Knutsen, datert 2024-08-19	11
18. Sveio kommune, datert 2024-09-02	11
19. Mattilsynet, datert 2024-08-19	12
20. Fiskarlaget, datert 2024-11-22	13

Oppdragsgiver: Windafjord Port AS
Oppdragsnr.: 52307133 Dokumentnr. ARP13

Innkomne merknader og uttalar

Varsel om oppstart av reguleringsarbeid for industriområde på Dommersnes i Vindafjord kommune blei sendt ut den 06.11.2023, med frist for å komma med innspel den 18.12.2024. Opphavelag varsling av planarbeidet tar høgde for detaljregulering av omlegging av FV 4736. Det er likevel naudsynt å kunne vurdere fleire vegtrasear enn den som ligg i gjeldande reguleringsplan. Varsla plangrense er ikkje vid nok til å vurdere andre traseval.

I samsvar med § 12-8 i plan- og bygningslova, blir det derfor varsla ei noko utvida plangrense for at mogleg traseval for Fv 4736 skal komme innafør varsla plangrense. Frist for å komme med merknad til utvida plangrense var satt til 19.08.2024. I samband med utgreiinga av undervasstøy er det tatt kontakt med fiskarlaget for å få ei uttale og tilbakemelding på fiskeriinteressene i området. Denne er også lagt inn dokumentet.

1. Cecilie Johansen, datert 2024-8-19

«Eg er ueinig i planane generelt og er imot at grensene vert utvida, dette vil forringe naturen og idyllen og føre til støy og inngripen i naturen og freden for både bebuarar og hyttefolk.»

Forslagsstillar sin kommentar:

Utbyggingsplanane blir vurdert i sin heilheit opp mot tap av natur, nærmiljø og støy. Utvida plangrense vil ikkje føre til at totalt utbyggingsareal blir utvida, men vil opne for at omlegging av fylkesvegen kan få den beste plasseringa.

2. Bjarne Dommersnes, datert 2024-8-19

«Som eigar 332/114 er det vanskeleg å ta stilling til korleis det blir med veg og støy med diverse. Kan hende det må utløyising av eigedomen når den tida kjem. Ser ikkje hensikta med industriområde så langt nord, det blir ikkje brukanes til noko den tynne tarmen i enden der med veg på begge sider. Får sjå korleis det blir før det er snakk om innløyising av eigedomen.»



Forslagsstillar sin kommentar:

Nytt planforslag vil få ei anna utforming enn gjeldande reguleringsplan og store delar av næringsområde i nord vil gå ut. Omlegging av fylkesvegen vil komme inn på eksisterande veg i nærleiken av din eigedom. Evt behov for innløyising kjem seinare i arbeidet i form av grunnervervsteikningar som følgje av omlegging av Fv.

3. Terje Framnes, datert 2024-8-19

Eg er grunneigar av gnr/bnr 109/7 på Framnes i Sveio kommune, rett overfor det aktuelle utbyggingsområdet. Eg er svært bekymra for at denne utbygginga vil medføre støy som forringer livskvaliteten til grunneigarane og bebuarane på motsett side av fjorden. Tidlegare erfaringar viser at støy frå industriarbeid på Dommersnes kan vere sjenerande, spesielt ved visse vindretningar og rolige verforhold. Eg er også bekymra for den visuelle forringinga av naturen, men støyforureininga er den mest bekymringsverdige faktoren.

Eg har følgjande spørsmål vedrørande utbygginga på Dommersnes: Kva tiltak vil bli iverksett for å unngå eller avgrense støyen? Har det blitt føretatt støymålingar som kartlegg støyen på Sveio-sida? Vil bebuarar og grunneigarar på Sveio-sida få moglegheit til å påverke prosessane? Er Sveio-politikarane orientert om støyforureininga ved Ålfjorden? Blir verdiforringinga av eigedommar på Sveio-sida omsynstatt som ein følge av støy frå Dommersnesanlegget? Kva reaksjonar kjem frå miljøvernavingane frå statsforvaltarane i Vestland og Rogaland fylke?

Forslagsstillar sin kommentar:

Viser til støyrapport AKU01-J01-støyutgreiing Dommersnes industriområdet (vedlegg 10.28) som har berekna støy ut frå modellering. I denne berekninga kom det fram at ved ideelle meterologiske forhold vil støy frå skip og anna lågfrekvent støy høyrast på motsett side av fjorden. Støyen vil vere langt under gjeldande grenseverdier i T-1442. Det blir i planen anbefalt å gjere oppdaterte berekningar i ei seinare fase når ein har meir detaljert støydata og driftstider. Ein slik plan er det også lagt opp til i føresegnene til planen.


4. Karl Larsen, datert 2024-8-19

Arbeidet med sprenging og transport av lausmasser vil føre til store mengder støv, noko som kan påverke eigedommane mine negativt, spesielt dyrka mark på gnr/bnr 332/7 som er naboeigedom. Eg forventar at arbeidet blir utført på ein måte som ikkje skadar eller øydelegg dyrka mark. Eg ber om ei utgreiing for korleis de skal ivareta dette, samt erstatte eventuelle skadar som kan oppstå.

Forslagsstillar sin kommentar:

Det blir vist til Massehandteringsplanen vedlegg 10.30 i plandokumenta. Her går det fram både organisering av masseuttaket av grus og pukk med tanke på støv og forureining og krav til erstatning av jordbruksareal. Forslag til ny vegløyising for omlegging av fylkesvegen vil også gå utover fulldyrka areal på din eigedom. Det er føreslått å sjå på moglegheita for nydyrking lenger nord for dette arealet. Dette kjem også fram i massehandteringsplanen. Det skal og utarbeidast ein plan for Ytre miljø med fleire detaljar og det vil krevjast avtalar for gjennomføring av anleggsarbeid med dei rørte. Det er det sørligaste fulldyrka arealet på 5.7 daa som blir råka av planforslaget, der 2.3 av dette arealet går ut som følgje av ny vegløyising.

Oppdragsgiver: Windafjord Port AS
Oppdragsnr.: 52307133 Dokumentnr. ARP13



5. Leiar Vindafjord orientering, Jon Magne Svendsbø, datert 2024-07-16

Eg ynskjer å spela inn følgjande til utvida plangrense for Dommersnes i Vikabygd, og då spesifikt som korleksjon til kapittel 8.3.4, Friluftsliv, i "Vedtatt Planprogram Windafjord Port Dommersnes industriområde":

Vikebygd Idrettslag har orienteringskart på Dommersnes som dekkjer heile planområdet aust for fylkesvegen, dvs. heile fase 3 området, sjå vedlegg.

Orienteringsgruppa i Vikabygd IL blei i 2019 lagt ned i og med at alle laga i Vindafjord kommune slo seg saman til eitt orienteringslag, Vindafjord Orienteringslag.

Vindafjord Orienteringslag har difor overtatt kartet og brukar dette i dag til både turorientering og lokale orienteringsløp.

Dette innspelet burde kanskje ha vore sendt inn før, men det bør likevel ikkje vera for seint til å bli inkludert i vurderingsgrunnlaget på same måte som eg ser at sportsaktiviteten Buldring nyleg har blitt inkludert.

På vegne av Vindafjord Orienteringslag ber eg difor om at orienteringskartet vårt over Dommersnes og orienteringsaktiviteten blir inkludert i plangrunnlaget under Friluftsliv og som eige kulepunkt i tabellen i kategorien Utgreiingsbehov.

Forslagsstillar sin kommentar:

Innspelet er teken med i vidare utgreiingar, då særleg friluftsliv, folkehelse og alternativsvurdering av ny vegløysing for omlegging av fylkesvegen.

Oppdragsgiver: Windafjord Port AS
Oppdragsnr.: 52307133 Dokumentnr. ARP13

6. Ålfjordens perle, datert 2024-07-16

Når ein les vedtatt planprogram for Windafjord Port Dommersnes industriområde, ser ein at det ikkje lenger er oppdatert på omtale og illustrasjonar av moglege/planlagte vindturbinar som kan komma på Dommersnes.

Vedlagt er presentasjonen Windafjord Port heldt på folkemøtet i Vikebygd 20. juni 2024. Der kan ein mellom anna sjå at makshøgda på turbinane har auka inntil 340 m (frå 268m), turbinstorleiken har auka inntil 25 MW (frå 15 MW) og fundamenta har auka i storleik til +110m (frå +90m) i horisontal dimensjon.

Planprogrammet må oppdaterast ihht vedlagt presentasjon og konsekvensutgreiingane må oppdaterast tilsvarande.

Forslagsstillar sin kommentar:

Vedtatt planprogram skildrar oppskrifta på planarbeidet og krav til utgreiingar. Folkemøte som blei heldt i juni informerte om utvidingar av mogleg dimensjonar på havvindturbinane. Utgreiingane legg til grunn nye dimensjonar og planskilddinga forklarar utvidinga og illustrerar utvidinga.

7. Ivar Persvangen Ødegård, datert 2024-08-19

Uttale til reguleringsplanforslaget for Dommersnes industriområde er basert på eigarskap av gr.br.nr 332/1, 332/17 og 332/84. Mange utfordringar og bekymringar knytt til utviklinga på Dommersnes er tidlegare skildra, men nye moment har kome fram den siste tida. Desse momenta bygger på informasjon frå folkemøtet i juni 2024 i Vikebygd og varsling om utvida planområde knytt til ei eventuell omlegging av fylkesvegen.

Det er beklageleg at Windafjord Port / Dommersnes AS ikkje kan vere meir konkrete om type industri, omfang og storleik. Usikkerheita gjer det vanskeleg for mange å ta stilling til dei ulike aspekta. Ein ny reguleringsplan må vere detaljert og innehalde klare avgrensingar knytt til omfang, storleik og bruk.

På folkemøtet i juni 2024 kom det fram nye detaljar om mogleg storleik på havvindturbinar, som no er presentert med ei høgde på 340 meter, opp frå 268 meter i planprogrammet. Dette skapar usikkerheit om konsekvensane for Vikebygd, Ålfjorden, Sveio og nærliggjande område.

Reguleringsplanen må derfor innehalde ei maksimalhøgde for installasjonar.

Med høgare turbinar følgjer større fundament, noko som krev større tryggleikssoner og meir båndlagt areal i Ålfjorden. Reguleringsplanen må ha klare avgrensingar for maksimalt båndleggingsareal. Fundamentlagring i fjorden kan krevje landfester, og dette må beskrivas i planen. Reguleringsplanen må også fastsette eit maksimalt tal installasjonar som kan lagrast i fjorden og kor lenge dei kan ligge der, for å unngå at Ålfjorden blir ein oppstillingsplass for maritim industri.

Ålfjorden er viktig for mange fritidsbåteigarar og brukarar, og det er bekymring for at transport av installasjonar i høgsesongen vil forringe denne bruken. Reguleringsplanen må sikre at Ålfjorden er open og tilgjengeleg for all aktivitet, også under transportperiodar.

Grunneigarar av gnr/bnr 332/1 og 332/17 er skuffa over manglande involvering og informasjon om utvida planområde. Det er også spørsmål om lovlegheita ved å innlemme andre sine eigedomar utan dialog om utkjøp og kompensasjon. Det er funne ein ruin i grenseområdet som må undersøkjast for

kulturhistorisk verdi. Det er viktig å rette opp feil i planprogrammet som seier at utbygginga på hyttefeltet ikkje har starta.

Tomtene er bebygd med veg og VA-anlegg, og det foregår kontinuerleg utbetring på området. Ingen av grunneigarane på hytteområdet var kjende med planane om utvida planområde før det kom fram i reguleringsplanforslaget. Det utvida området vil for nokre grunneigarar medføre tap av tomter, og for alle grunneigarar tap av tilkomstveg og avløpsanlegg. Det må derfor kome fram i reguleringsplanen korleis dette skal løysast.

Det utvida planområdet vil no innbefatte badestranda og friluftsområdet i Skjeljavika, som er definert som eit svært viktig leike-, rekreasjons- og friluftsområde med stor brukarfrekvens. Det er viktig at desse områda får eit tydeleg vern i reguleringsplanen, og at dei minst held same standard som i dag når det gjeld tilgjengelegheit, forureining og støy.

Forslagsstillar sin kommentar:

Planforslaget legg til grunn ein dimensjonering av ønska produksjon som er realistisk med tanke dimensjonering. Då det ikkje er igangsett prosjekt som kan føregå på Dommersnes og det er ingen konkrete kundar, er planforslaget så presis som det er mogleg å vere. Opplysingane som kom fram i folkemøte i juni er teken inn i planarbeidet. Planforslaget er vurdert med tanke på havvindturbinar opp til 25 MW. Planskildringa vurderer ruin (tuft) som er i grenseområdet til reguleringsplanen. Planskildringa skal og vere oppdatert med tanke på tomteutvikling i hyttefelt ved Skjeljavika og er vurdert i planskildringa. Friluftsområde Skjeljavika er særskilt vurdert i konsekvensutgreiinga for friluftsliv, sjå vedlegg 10.24 ARP07 Konsekvensutgreiing friluftsliv

8. Kirsten Bakkevig, I, datert 2024-08-19

«Vi har lest utkastet og kan ikkje skjønne anna enn at denne planen vil bli øydeleggjande for både lokalsamfunnet i Vikebygd og naturen på land og sjø, utan at det er konkretisert nokon fordelar ved planen. At det er planlagt nedbygging av myrområde er vel også heilt mot nasjonale retningslinjer. Vi merkar oss også at eit overveldande fleirtal i meningsmålinga som blir referert her er motstandarar av utbygginga av industrifeltet. Vi har i dag ei pågåande naturkrise med nedbygging av verdifull natur både til lands og til vanns. Når planen later som om den er grøn, blir dette ikkje anna enn tomme ord. Dei påståtte arbeidsplassane er vel også berre luftslott. Når vi så les at fylkesvegen ikkje er avklart, og at Haugaland kraft ikkje er i stand til å levere nok kraft til prosjektet, meiner vi at dette planarbeidet er totalt bortkasta. Det er feil bruk av midlar som kommunen burde bruke på viktigare ting.»

Forslagsstillar sin kommentar:

Eit stort og viktig myrområde er teken ut av planforslaget. To myrar på ca. 12 dekar blir råka av planforslaget. Dei er kartlagt og vurdert i konsekvensutgreiinga for naturmangfald. Omlegging av fylkesvegen blir detaljert i dette planforslaget, men er førebels ikkje finansiert med tanke på bygging. Det er gjort vurderingar knytt til arbeidsplassar (utgreiing om regionale og lokale verknadar og folkehelse) og ny kraftforsyning i planforslaget. Sjå vedlegg 10.20, 10.22 og 10.23.

9. Sean Hafstad Grinde, I, datert 2024-08-16

Brevet frå 20.06.2024 varslar om utvida plangrense for detaljregulering på Dommersnes i Vindafjord. Utvidinga er gjort for å inkludere mogelege traseval for ny FV 4736 innanfor plangrensene. I sørøstre del av planområdet er plangrensene utvida noko austover, noko som fører til at planen delvis overlappar detaljreguleringa for Skjeljavika Hyttefelt.

Merknaden til utvidinga av plangrensa er gitt på vegne av fleire grunneigarar innanfor hyttefeltet, inkludert Sølvi Apeland Rogde, Berit Apeland Lilleås, Vibeke Rogde, William Rogde, Fredrik Rogde, Frida Lilleås, Andor Lilleås og Hedda Lilleås.

Det er nødvendig å korrigere omtalen av hyttefeltet i planprogrammet, då det kan gi inntrykk av at feltet er ubebygd. Seks tomter er allereie bebygd med hytter, men mange tomter ventar på offentlig vatn, noko som har teke tid på grunn av dialog med Vindafjord kommune. Tidlegare interesse for tomtekjøp har forsvunne på grunn av planane for industriområdet på Dommersnes.

Grunneigarane har fleire merknader til utvidinga av plangrensa:

- Flytting av fylkesvegen vil direkte ramme minst fem hyttetomter og feltets sanitæranlegg.
- Resten av feltet vil miste attraktiviteten som utbyggingsareal for fritidsformål på grunn av støy, støv og estetiske ulemper.
- Utbygging av industriområdet og flytting av fylkesvegen vil sannsynlegvis forringe attraktiviteten til hyttefeltet i så stor grad at det ikkje vil bli utbygd.
- Det er oppdaga eldre tufter i nordvestre enden av hyttefeltet, noko som bør takast med i vurderinga av veitraseen.

Forslagsstillar sin kommentar:

Feilaktige opplysingar om utbygging av hyttefeltet i Skjeljavika blir retta opp i planskildringa. Utvida plangrense var naudsynt for å kunne gjere vurderingar over eit større område. Føreslått vegløyning i planforslaget er trekt lenger nord og vest og kjem ikkje i konflikt med hyttefeltet. Planskildringa vurderer ruin (tuft) som er i grenseområdet til reguleringsplanen. Planskildringa skal og vere oppdatert med tanke på tomteutvikling i hyttefelt ved Skjeljavika og er vurdert i planskildringa.

10. Terje og Randi Gausvik, datert 2023-12-08

Etter å ha lest gjennom reguleringsplanforslaget, merkar vi oss at det er mykje fokus på konsekvensutgreiing for naturen på land og sjø, kulturminne, rekreasjonsområde, friluftsområde, reguleringsplanar for hytter, og kor mykje av vindmøllene som blir synlege frå Jokeren inne i bygda. Alt dette er sjølvsagt veldig viktig og nødvendig å utrede.

Vi fastbuande som bur nær reguleringsgrensa, er betydelig meir berørte av utbygging av trinn 2 og 3 enn dei som bur lenger inne i bygda. Vi er knapt nemnde i planane og etterlyser ei utgreiing for å

Oppdragsgiver: Windafjord Port AS
Oppdragsnr.: 52307133 Dokumentnr. ARP13

ivareta vår situasjon og dei konsekvensane ei utbygging vil føre med seg. Vi vil bli meir eksponerte for støy, støv, lys, omlegging av veg, visuell utsikt og risting i grunnfjellet enn dei som bur lenger inne i bygda. Vi meiner at vi må vere ein del av reguleringsplanen og at det må visast ein plan for korleis våre rettar og livskvalitet skal ivaretakast på ein god og rettferdig måte.

Dersom trinn 2 og 3 blir realisert, meiner vi at belastninga ved å bu så nær industrien vil bli for stor til at vi kan bli buande. Vi ønskjer at det skal utgreiast korleis dette eventuelt kan løysast. Eigedommane våre vil få ein betydeleg verditap, og det må takast stilling til eventuell kompensasjon eller utkjøpsavtale for dei nærmaste bustadane. Det må også setjast opp ein tiltaksplan for korleis dei nærmaste bustadane vil bli ivaretatt når det gjeld støy, støv, lys og bevegelse i grunnfjellet ved sprenging.

Oppsummering av ekstra tiltak vi meiner må vurderast og utgreiast for å minimalisere dei helsemessige og økonomiske konsekvensane og ulempene for oss nærmaste fastbuande naboane:

Vurdere ekstra tiltak når det gjeld støy, støv, lys, setningar og ristingar i grunnfjellet, og korleis dette skal følgjast opp.

- Eventuell kompensasjon for verditap av eigedommane.
- Eventuell utløyising av eigedommane.
- Tilkomst til eigedommane.

Forslagsstillar sin kommentar:

Det er gjort ei vurdering av all ikringliggande område rundt planområdet i planskilddinga. Det visast særleg vidare til utgreiingane for folkehelse, friluftsliv, landskap og støy. Det er førebels ikkje vurdert at eigedommar som ligg utanfor utbyggingsområde skal løysast inn, men for nokre få eigedommar kan det bli aktuelt når det er gjort reelle berekningar av støy.

11. Statens vegvesen, datert 2024-08-19

“Statens vegvesen har ingen særlege merknader til utvidet planområdet utover våre tidlige merknader i brev datert 13.12.2023.

12. Olav Fostenes Knutsen, datert 2024-08-19

I bekk som renn frå fjellet og mellom eigedom 332/28 og 332/11 og over utbyggingsområde er det observert ørret og må bevarast ved utbygging. Det er observert rådyr, hjort, rev, hare og ekorn i området i tillegg til tiur og orrhane, ugler, ender og svaner. Det må leggjast inn krav til landstrøm, også for fartøy. Planprogrammet er for dårleg spesifisert med tanke på kva for produksjon som kjem og kor mykje aktivitet det vil føre til på sjøen. Det må komme fram støyvurderingar for anleggsfasen samt vurderingar knytt til forureining og støv. Dette var det store utfordringar til ved utbygging av Ekkofiskveggen. Det burde vere unødvendig å etablere eit knuseverk midt i den

Oppdragsgiver: Windafjord Port AS
Oppdragsnr.: 52307133 Dokumentnr. ARP13

idylliske Ålfjorden til skade for miljøet. Det må vere feile illustrasjonar i planprogrammet med tanke på dimensjonar på havvindturbinane.

Forslagsstillar sin kommentar:

Observasjonar knyt til vilt og fugl vart bekrefta gjennom vår kartlegging og det visast til Konsekvensutgreiing Dommersnes – terrestrisk mangfald, jf. vedlegg 10.20 RIM03. Handtering av overvatn er vurdert i eige rapport. I denne er det sagt at bekkar gjennom ny fylkesveg må detaljprosjekterast seinare, men at overvatn generelt blir ført langs ny fylkesveg før det blir infiltrert i bekk/elv sør for utbyggingsområdet og ut på sjøen. Det visast til vedlegg 10.27 OV01 Konsekvensutgreiing overvatn. Det visast elles til støyvurderingar, 10.28 AKU01 Støyutgreiing Dommersnes industriområde og massehandteringsplan, 10.30 ARP09 Naturressursar og massehandteringsplan. Alle utgreiingar har lagt til grunn dimensjonar for havvindturbinar opp til 25 MW.

13. Statsforvaltaren i Rogaland, datert 2024-

Vi har ingen vidare merknader til den utvida plangrensa. Elles viser vi til vårt fråsegn dagsett 10.12.2023, og merknadane vi fremja i regionalt planforum 29.05.2024. Vi har atterhald om at det utvida område vert konsekvensutgreia i likskap med det tidlegare varsla planområde.

Forslagsstillar sin kommentar:

Viser til kommentarar til første varslings og kommentarar til regionalt planforum i planskildringa kap 2.8.

14. Rogaland fylkeskommune, datert 2024-08-13

«I følgje det vedtekne planprogrammet er eit av temaa som skal greiast ut i samband med planarbeidet «Trafikk, areal og transport (inkludert farled, kap. 7.5), energiforbruk og energiløysingar». Køyretøytypar som skal trafikkera vegnettet og trafikkmengdene frå delområda må beskrivast. Dette gjeld både for anleggsfasane og driftsfasane.

Veganlegget skal utformast i samsvar med gjeldande krav og må dimensjonerast slik at terreng-inngrepet blir minst mogleg. Veganlegget bør visualiserast i ein terrengmodell. Konsekvensane for det offentlege vegnettet i og utanfor planområdet ved gjennomføring av planen og eventuelle behov for utbetringar av vegnettet, må omtalast i plan-dokumenta».

Forslagsstillar sin kommentar:

Det har vore god kontakt mellom plankonsulent og Rogaland fylkeskommune i utarbeiding av planforslag for omlegging av Fv 4736 og kjem særleg til uttrykk i oversendt premissnotat med avklaringar og alternativsvurderinga som er utarbeida. Kommentrane er teken med både i utforming av vegløyning, alternativsvurderinga som er gjennomført og i utgreiinga av trafikk, areal og transport. Sjå særleg planskildringa kap. 5.2 og vedlegg 10.18, RP02 Fv-4736 Alternativsvurdering og 10.31, TRAF-01 Trafikkmengder og trafikktryggleik.

Oppdragsgiver: Windafjord Port AS
Oppdragsnr.: 52307133 Dokumentnr. ARP13

15. Direktoratet for mineralforvaltning, datert 2024-08-12

«DMF viser til vårt fråsegn til varsel om oppstart og høyring av planprogram datert 15. desember 2023. Vi har gått gjennom det utvida planområdet og kan ikkje sjå at endringane har verknad på mineralressursar eller mineraluttak. Vi har derfor ingen vidare innspel til varselet om utvida planområde.»

16. Ingrid Mathilde og Kåre Johan Sørvåg, datert 2024-08-18

Uttale viser til korrespondanse mellom plankonsulent og grunneigar der dei er positiv til endringane i planforslaget som er føreslått for dei. Dei ønskjer ikkje at eigedommen skal vere innafor plangrensa til industriområdet.

Forslagsstillar sin kommentar:

Planlagt industriområde som blir levert til behandling vil liggje ca. 75 meter frå eigdomsgrensa 332/30.

17. Olav Fostenes Knutsen, datert 2024-08-19

Prosjektet som er planlagt i Vikebygd går ut på å øydelegge naturen for å produsere grøn energi på landsbasis. Dette har skapt bekymring blant innbyggjarane, som opplever at dei får lite konkret informasjon frå leiinga. Det er også bekymring for at utbygginga vil starte før nødvendige godkjenningar er på plass, noko som kan verke som om reglane i samfunnet ikkje blir følgde.

Det er spørsmål om kva verdiar som blir sett opp mot kvarandre, og korleis trivsel og rekreasjon blir vektlagt. Kommunen har lagt til rette for to hyttefelt i området, men desse vil berre bli påverka av støy frå knuseverk og maskiner. Eksisterande hytter og hus i området vil få redusert trivsel og bruk.

Forfattaren har hatt 40 gode år på Apelandfeltet, med furuskog, utsikt mot fjord og horisont, fuglesong og stillheit. No er dei redde for at denne tida går mot slutten, og barnebarna er også redde. Dei fryktar at utbygginga vil øydelegge området, med mykje boring, knusing av stein og bygging av høge vindmøller

Forslagsstillar sin kommentar:

Planskildringa med utgreingar tek opp verdiar, verknader og konsekvensar ved planforslaget. Korleis dette blir vekta opp mot kvarandre skal vurderast i planbehandlinga i kommunen.

18. Sveio kommune, datert 2024-09-02

Sveio kommune er i gong med arbeid med ny arealdel til kommuneplanen. Som nabo over fjorden til Dommersnes industriområde ser me det som viktig at Sveio kommune sine interesser for Ålfjorden blir ivareteke i arbeidet med reguleringsplanen for området. Ålfjorden er ein viktig fjord, med interesser innanfor fiske, akvakultur-næring og friluftsliv. Sveio kommune har i dag fleire akvakulturanlegg som ligg plassert i Ålfjorden, og i arbeidet med ny arealdel til kommuneplanen er det spelt inn frå akvakulturnæringa at det er behov for justeringar og utviding av desse akvakulturføremåla i planen.

Oppdragsgiver: Windafjord Port AS
Oppdragsnr.: 52307133 Dokumentnr. ARP13

Sveio kommune ber difor om å få vera i dialog undervegs i prosessen for å sikre at akvakulturen kan fungera godt saman med dei nye planane for industriarbeidet på Dommersnes. I tillegg er det stor interesse for friluftsliv og fiske i Ålfjorden. Moglegheita til å ferdast på fjorden med fritidsbåt, kano, symjing o.l, og til å nytte fjorden for fiske er viktig å bevare. Miljøkartleggingar og kartlegging av marine naturtypar er difor særskilt viktig at blir ivareteke og grundig vurdert i arbeidet med konsekvensutgreiinga. Friluftsområde både på Sveio kommune sida av Ålfjorden, samt på Vindafjord kommune sida av Ålfjorden er viktige område å bevare og ta omsyn til i planlegginga då desse gir store verdiar for lokalområda. Medverknad med nabokommunar er viktig i desse prosessane, då dei vil ha stor påverknad på ferdsel i fjorden i framtida. Sveio kommune ønskjer særskilt eit møte i tidleg fase for å drøfte korleis utviding av planområdet for Dommersnes industriområde kan påverke ferdsel i fjorden og akvakulturnæringa. Det blir også oppfordra til at bebuarar direkte over fjorden frå industriområdet (særskilt Framnes og Selsås) blir inkludert i nabovarslingar der støy og auka trafikk kan påverke kvardagen for bebuarane i desse områda. Vi forbeholder oss retten til å komme med ytterligere merknader når planforslaget foreligger.”

Forslagsstillar sin kommentar:

Særleg ferdsel, friluftsliv, landskap, marint naturmiljø og vassmiljø er vurdert for heile Ålfjorden, inklusive busetnad på Sveiosida og for akvakulturanlegga som ligg i Ålfjorden i Sveio kommune. Plankonsulent har lagt til grunn at det er naturleg å ha gjennomført desse vurderingane/ konsekvensutgreiingane saman med planforslaget først og at drøfting mellom kommunane er mest naturleg gjennom prosessen med offentleg ettersyn. Samstundes hadde Sveio kommune moglegheit å ta tidleg kontakt med kommunen eller forslagsstillars. For etterspurde vurderingar, sjå særleg vedlegg 10.32 ARP11 Hamneforhold, tryggleik og framkommelegheit , 10.24 ARP07 Konsekvensutgreiing friluftsliv, 10.33 ARP03 Konsekvensutgreiing Landskap, 10.21 RIM04 Konsekvensutredning marint naturmiljø Dommersnes og 10.26 RIM08 Konsekvensutgreiing for vassmiljø og forureining grunn/sediment sjø.

19. Mattilsynet, datert 2024-08-19

Det går fram av søknaden at det dreier seg om eit varsel om utviding av plangrense. Det er planlagt utvikling av industriområdet i fleire fasar, og det kan sjå ut som at eventuell utfylling i sjø og bygging av kai skal skje i fase 2. Det ligg derfor ikkje føre konkrete planar for utfylling på noverande tidspunkt.

Mattilsynet saknar vurdering av planen sin påverknad på oppdrettslokalitetar i området i Norconsult sitt planprogram/utgreiingsprogram. Dette gjeld mellom anna effekt av sprengingsarbeid og utfylling i sjø, men også eventuell annan effekt av planane på oppdrettsfisk og villfisk. Det er også planlagt eit rigg/hamneområde som vil komme nærme lokalitet Stualand. Mattilsynet kjenner ikkje til straumtilhøva i Ålfjorden eller andre lokale tilhøve som kan påverke effekten av tiltak i sjøen ved industriområdet. Det er tiltakshavar som må leggje fram nødvendig informasjon og eventuelle avbøtande tiltak. Mattilsynet forstår at det enno er tidleg i prosessen, men ventar at tiltakshavar tek ansvar for å sikre at tiltaket får minst mogleg påverknad på resipienten og marint liv i området og at det vil komme meir detaljerte planar på høyring seinare. Utover dette har vi ikkje ytterlegare kommentarar på noverande tidspunkt.

Oppdragsgiver: Windafjord Port AS
Oppdragsnr.: 52307133 Dokumentnr. ARP13

Forslagsstillar sin kommentar:

Forslagsstillar/tiltakshavar har førebels ikkje konkrete kundar og utfylling er førebels berre til planavklaring. Viser elles særleg til utgreiingane av vassmiljø, marint naturmangfald, undervassstøy og hamneforhold for vurderingane på etterspurde område, vedlegg 10.21 RIM04 Konsekvensutredning marint naturmiljø Dommersnes, 10.29 AKU02 Støyutgreiing undervassstøy, 10.26 RIM08 Konsekvensutgreiing for vassmiljø og forureining grunn/sediment sjø og 10.32 ARP11 Hamneforhold, tryggleik og framkommelegheit. Elles visast det til tiltak i sjø og særleg fylling/mudring er underlagd forureiningslova som krev eigen søknad og dokumentasjon.

20. Fiskarlaget, datert 2024-11-22

«Fiskerinæringa haustar av overskotet av naturressursar i havet og er ikkje berre avhengig av god økologisk forvaltning, men òg god arealforvaltning. Utøvinga av fiske endrar seg ut frå mellom anna miljø, reguleringar, etterspurnad og tilgjengelegheit. Fiskeria er strengt regulert i eit berekraftsperspektiv av dei sentrale styresmakterne, basert på kunnskap, forskning og samarbeid nasjonalt og internasjonalt. Yrkesfiskarane driv med andre ord hausting og verdiskaping av overskotet av ressursane i sjø. Desse ressursane utgjer svært klimavenleg og sunn mat, i tillegg blir delar av ressursane vidareforedla og nytta i anna næringsverksemd. Akkurat som at livet i sjø ikkje forhold seg til kommunegrenser, blir det òg drive kystfiske på tvers av kommune- og fylkesgrenser. Det er dermed viktig å sjå heilskaplege verknadar av tiltak og ta omsyn til viktige fiskeriinteresser. Sjølv om fiskeria er dynamiske, har ein òg naturgjevne område. Ein ønskjer i den samanheng å peike på nødvendigheita av å bevare viktige fiskeområde. I tillegg er fiskerinæringa avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø mest mogleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Det er viktig å førebyggje då det ofte er vanskeleg og dyrt å rydde opp i ettertid. Ein har eit stort felles ansvar, både nasjonalt og internasjonalt. Dette er òg avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsverdi for norsk sjømat. Ålfjorden er ein viktig og fiskerik fjord som blir brukt både av lokale og regionale fiskarar. Kystfisket som føregår her er effektivt, berekraftig og klimavenleg med lite forbruk av drivstoff. Ved Dommersnes industriområde er det i Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy registrert område for aktive reiskap med not og reketråling, samt passive reiskap som garn og teiner. Sør-Norges Fiskarlag stadfester at området er aktivt i bruk, særleg i forbindelse med notfiske (makrell og hestmakrell), garnfiske (kvitfisk som mellom anna breiflabb, sei, lyr, hyse, torsk) og teinefiske (leppefiske). I forbindelse med notfiske blir det òg låssatt fisk i steng i påvente av føringsfartøy og drive med lysfiske på haust-/vintertid. Større arealbeslag i området i form av faste og midlertidige utbyggingar og installasjonar vil gi negativ innverknad og umogleggjere fiske i dei beslaglagte områda. Ein peikar på at slikt arealbeslag gjeld både over og under sjøoverflata, i form av fortøyingar og liknande. Auka trafikk og aktivitet vil òg kunne føre til utfordringar for utøving av fiske samt forstyrning av fisk. Ein visar til at det tidlegare har vore etablert store sikkerhetsoner som har skapt utfordringar for fiske. I staden for slike avgrensingar ber ein om praksis for informasjonsdeling og dialog for sameksistens og å unngå unødige hindringar for yrkesfiske. Som Regjeringa og andre myndigheiter har presisert, blir det òg her påpeika at «det er avgjerande at satsing på havenergi let seg forene med god sameksistens med fiskerinæringa». Dette prinsippet og

Oppdragsgiver: Windafjord Port AS
Oppdragsnr.: 52307133 Dokumentnr. ARP13

dei andre prinsippa føreset ein at blir teke omsyn til i alle stadier og nivå tilknytta utbygging av vindkraft til havs.

Ein registrerer at det blir òg vurdert alternativ bruk av området til anna næringsaktivitet enn utbygging av vindturbinar. Uavhengig av aktivitet i området legg ein til grunn at det blir tatt omsyn til yrkesfiske. Det er avgjerande at ny næringsaktivitet ikkje hindrar eksisterande næringsaktivitet. Minnar igjen om at yrkesfisket er basert på hausting av overskotet av naturressursar, som er ein evigvarande ressurs, dersom ein forvaltar ressursane riktig. Dette inneber òg ivaretaking av det marine miljø, samt ivaretaking av viktige fiskeområde, òg for framtidas generasjonar. Sør-Norges Fiskarlag går i mot tiltak som vil ha negativ innverknad for utøving av yrkesfiske.

Forslagsstillar sin kommentar:

Dette er ein etterspurd kommentar i samband med utarbeiding av konsekvensutgreiing for undervassstøy og uttalen er i hovudsak nytta i denne rapporten. Sjå vedlegg 10.29 AKU02 Støyutgreiing undervassstøy.

J01	2024-12-02	For bruk	Ansa	Pso	Ansa
Versjon	Dato	Beskrivelse	Utarbeidet	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidet av Norconsult som del av det oppdraget som dokumentet omhandler. Opphavsretten tilhører Norconsult. Dokumentet må bare benyttes til det formål som oppdragsavtalen beskriver, og må ikke kopieres eller gjøres tilgjengelig på annen måte eller i større utstrekning enn formålet tilsier